

**Sakshandsamar:**Birgit Tansøy  
E-post: Birgit.Tansoy@sfj.no  
Tlf.: 90984022**Vår ref.**Sak nr.: 18/9368-5  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 08.01.2019

Asplan Viak AS

**Kulturminnefagleg merknad i samband med detaljreguleringsplan utleigehytter Ytre Ese 13 i Balestrand kommune**

Vi viser til brev frå dykk datert 21.11.2018.

Saka gjeld varsel om start av arbeid med privat detaljregulering på gbnr 12/12 i Balestrand kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for næringsutvikling ved bygging av om lag 6 utleigeeiningar med servicebygning m.m.

I overordna plan er arealet avsett til bustadføremål.

**Automatisk freda kulturminne**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Vi har såleis ikkje avgjerande merknader til planen når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne.

Vi ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området som søknaden gjeld. Vi ber difor om at tiltakshavar vert gjort merksam på følgjande.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
assisterande fylkesdirektørBirgit Tansøy  
rådgjevar*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*Mottakar (ar)  
Asplan Viak AS